

**Oppunder 300 kilo fisk fanga**

20.08.2013

**Ikkje uventa har regnet i det siste stimulert fisket kraftig og fangstjournalen fortel at det er fanga 295 kilo fisk til no. Det er også gjort fangstar heilt opp til Klammeren og Musland og mange nye namn på fiskarar er å finna på lista.**

Men dei gamle travarane er også med - til dømes held Jostein Almås fram. Han har fått ein ny fisk på 4,5 kilo ved Heio. Sidan siste rapport har Frank Pedersen notert seg for ein på 7,4 kilo fanga på Øvre Fet.

Oversikten fortel også om fangstar som ikkje er journalført før no sjølv om dei er tekne tidlegare i sesongen. Det gjeld til dømes ein 8 kilos fisk fanga i Dønhaughølen av Ole Martin Gilbu. Vi kjenner også til fleire fiskar som ikkje er med på lista.

Av Ola Matti Mathisen